



Bitten og Erik slappar av med avisene etter føremiddagsturen rundt dalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

For to år sidan tillet vi oss å kåra Bitten (75) og Erik Mack (87) frå Storetvedt i Bergen til dei største Uskedalen-entusiastane i skaren av dei som er glade i bygda vår som feriestad. No har dei feriert i båt her i 30 år og statusen er slett ikkje svekka. Det utruleg spreke paret gler seg med oss over at Uskedalen kom på bronseplass i kampen om å bli "Årets Båthamn 2008".

Men dei kan som for to år sidan slett ikkje forstå kvifor Husnes slår Uskedalen i dette oppgjeret. Uskedalen er ein langt finare plass, meiner Bitten og Erik som vi treff i avslappa tilstand etter dagens trim rundt dalen. Tross sin høge alder tek dei ein tur kvar dag – enten rundt dalen, opp i Eikedalen eller opp til Myrdalsvatnet i Rosendal.

Dei har også gjennom åra vore innom andre hamnar i Sunnhordland, men ingen kan etter deira meining måla seg med Uskedalen. Her er det god service, reint og ryddig og blide ekspeditørar i butikken. Og så har dei vorte venner med mange blide og hyggjelege uskedelingar med tidlegare hamnevert Birger Myklebust i spissen. - Det er han som har æra for at vi har vorte så hekta på Uskedalen, seier Bitten og Erik.

No er dei i Uskedalen for fjerde gongen denne sommaren og held ut sjølv om det ikkje er så mange gjestebåtar rundt dei og det lakkar og lir med sesongen.

Dei plar feriera her i ei veker tid tre eller fire gongar i sesongen, men mykje avheng sjølvstapt av veret. Under det førre besøket var det opptil 36 grader i båten og då trakk dei seg attende til hytta som ligg i Bergegrend i Fusa.

Få Uskedal-turistar med base i båthamnane kan som Bitten og Mack skildre historia til hamnane og dei er glade for utviklinga. Første gongen dei kom hit var det i ei 25 fots snekke og hamna var berre nokre bøyer utanfor Sandakaaien,

No helsar dei gjenopninga av Vertshuset velcome og planlegg eit middagsbesøk der til helga. Neste gong skal

dei også ta med seg pc-en og nytta det trådlause nettet.
Men dei stressar slett ikkje når dei er Uskedalen.
- Vi lever etter mottoet "Tida er vår eigen", seier Bitten. .

Av Ola Matti Mathisen